



Libas ruvar samanlikna med dei andre båtane. Den grøne er Dales båt Røttingøy

Flåten til Liesgruppen ligg framleis ved Eidsvik, men no har det kome ein grøn fiskebåt blant dei blå båtane. Det er Røttingøy til Dales Rederi, ein båt som er velkjend her frå før - men då var han raud og heitte Paula. I vår og sommar vart han bygd om ved Eidsvik frå raud trålar til grøn ringnotsnurpar-

Skipsreiar Astrid Dale på Lepsøy fortel til uskedalen.no at båten skal fiska lodde ved Island og i Barentshavet denne vinteren. Det har ikkje vore fiska lodde før med denne båten og tankane må tilpassast til dette fiskeriet.

Det som no skjer hos Eidsvik er innsetjing av nye rister i dei såkalla RSW-tankane for å få betre sirkulasjon og betre lensing av fisken som skal leverast. RSW tyder Refrigerated Sea Water.

Reint sjøvatn kjølast ned og vert sirkulert i tankane. All fisk som blir pumpa ombord blir lagra i RSW-tankane medan fisket pågår og dei går til lands for levering. Dermed blir kvaliteten på fisken svært god ved levering til konsum.

- Nesten all fisk som vi fiskar er menneskjemat. Det er ikkje som før då mykje gjekk til produksjon av fiskemjøl og olje, presiserer Astrid.

- Og korleis fungerer den ombygde båten?

- Vår nye ringnotsnurpar fungerer svært godt etter ombyggjinga frå not til trål. Det vi gjer no er justeringar for tilpassing til vårt fiskeri. De har forresten vore eit svært godt år for ringnotflåten med gode prisar på sild og makrell i haust - eit toppår for dei aller fleste- Derfor investerte vi i ny båt til rett tid.

Og Libas som ligg innanfor
vår båt og ruver hos Eidsvik har nok fiska aller best, seier Astrid Dale.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen